



# ORDENSREGLAR

## FOR TRANEVÅGEN UNGDOMSSKULE

**Tranevågen ungdomsskule er ein trygg og triveleg stad å vera. Difor syner vi respekt for kvarandre, tek omsyn til kvarandre og tek vare på skulen vår. Skulen bruker respektprogrammet, og derfor ei dei fem reglane i RESPEKT vesentlege for ordensreglane på huset.**

Dei fem respektreglane til Tranevågen er:

1. Vi møter presis og førebudd til undervisning
2. Vi følgjer dei vaksne si rettleiing
3. Vi held orden og tek vare på tinga rundt oss
4. Vi respekterer at alle treng arbeidsro
5. Vi snakkar fint til og om kvarandre og behandler alle med respekt.

### I tillegg til respektreglane er det viktig å presisera følgjande

Vi minner om at respektreglane gjeld både i tale og i annan åtferd. Vi har nulltoleranse overfor mobbing, rasisme og annan uakseptabel åtferd.

Låner du digitalt utstyr eller andre læremiddel på skulen, er desse *ditt* ansvar, og skal leverast tilbake i same stand som då du lånte dei. Lærebøker skal ha bokbind.

Vi oppheld oss på skulen sitt område i skuletida. Ballspel er tilte i kunstgrasbana, sandvolleyballbana og basketballbana i friminutta. Det må ikkje kastast snøball eller andre ting.

Alt avfall skal i avfallskorger. Ha det ryddig rundt deg, og bidra til at heile skuleområdet vert halde reint og ryddig. Alle skal bidra til å halde så god orden som mogleg.

Det er ikkje tilte å ha med seg gjenstandar eller anna på skulen som kan skada menneske, utstyr eller bygningar.

Ta godt vare på personlege eigedelar. Personlege verdigjenstandar er ikkje dekka av kommunen si elevforsikring.

Fråvær skal dokumenterast av dei føresette. Ugyldig fråvær kan føra til nedsett ordenskarakter. Om det ugyldige fråveret skuldast at ein går frå skulen med medvit i løpet av dagen, kan dette påverke karakteren i åtferd.

Private mobiltelefonar og eventuelt anna utstyr som ikkje er naudsynt for undervisninga skal leverast inn ved starten av skuledagen. Mobiltelefonen og anna privat elektronisk utstyr kan nyttast i undervisninga om det tener eit pedagogisk føremål, og lærar tillet dette.

Yttertøy inkludert utesko, lue og caps skal oppbevarast i garderoben.

Vi tek vare på vår eiga og andre si helse. Sunn mat gjev god læring, og vi tek til vanleg ikkje med oss snop, tyggis og brus på skulen.

**All bruk** av, eller reklame/symbol for tobakk, snus eller andre rusmiddel på skulen sitt område er ikkje tillete. Elevar har heller ikkje lov til å oppbevare rusmiddel på skulen sitt område.

Bruk av skulen sitt digitale utstyr og Internett skal vera i samsvar med Øygarden kommune sine reglar for nettvertt

Ordensreglane gjeld på skulen/skulevegen og arrangement/turar som skulen står for.

**Tranevågen ungdomsskule er ein stad for læring. Difor møter vi presis til all undervisning og har med oss det utstyret vi treng. Vi oppheld oss og deltek i undervisninga saman med gruppa vi har undervisning med, om ein ikkje har ein avtale med eigen lærar. Vi tek omsyn til dei andre, syter for arbeidsro og leverer arbeid til avtalt tid.**

### Sanksjonar:

Dersom ordensreglane vert brotne, kan følgjande sanksjonar takast i bruk:

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar/avdelingsleiar.
- Skriftleg merknad.
- Kontakt med heimen.
- Ha friminutt på andre tidspunkt enn dei andre elevane
- Opprettig av ein individuell orden/åtferdsplan plan i samarbeid med føresette.
- Attsitjing eller parade med pålagde oppgåver.
- Inndraging av mobiltelefon eller anna privat elektronisk utstyr. I nokre tilfelle vil vi be om at føresette hentar utstyret til eleven etter undervisninga er ferdig.
- Inndraging av ulovlege eller farlege gjenstandar vert evt. levert til politiet.
- Skadeverk medfører at eleven må rydda opp / utbeta skaden, og dei føresette er erstatningsansvarlege for inntil kr. 5000.
- Bortvising frå skulen for resten av skuledagen etter rektor si avgjerd.
- Bortvising frå skulen for 1-3 dagar etter rektor si avgjerd.
- Mellombels eller permanent byte av gruppe/klasse/skule.
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

Straffbare høve vert meld til politiet, jfr. pkt. 2 i tillegget.

### Presiseringar:

Krenkande og ulovleg åtferd er til dømes:

- Fotografering av medelevar og utlegg av bilet og/eller negativ omtale på nettet.
- Negative sms, mms, chat, e-post ryktespreiing
- Rasistiske utsegn og handlingar
- Seksuell trakassering
- Sjikane på grunn av religion, legning eller livssyn
- Hærverk
- Valdsbruk

- Mobbing
- Trugsmål

### **Sakshandsaming ved brot på reglane:**

- Før skulen tek stilling til kva for sanksjon som skal nyttast overfor eleven, har eleven rett til å uttale seg i saka.
- Ved bortvising frå undervisninga 1-3 dagar eller mellombels / permanent byte av gruppe/skule er dette å rekna som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Då kan vedtaket klagast på. Klagen skal sendast til Statsforvalteren i Vestland via skulen. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet brev med sanksjonar vert motteke.

### **Tillegg:**

**Ved straffbare høve vert politiet kontakta. Straffbare høve kan vera tjuveri, lekamsskading, tvang, truslar mm. Slike høve kan og føre til nedsett åferds karakter.**

## **IKT-REGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I ØYGARDEN KOMMUNE 4.-10.TRINN**

**Merk dykk at de skal skrive under ei eigen leigekontrakt for Chromebook. Der gjeld ein eigen avtale.**

### **1. Føremål**

- Målgruppa for reglementet er elevar i skulen.
- Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.
- Reglementet søker å hindre utilsikta og uønska hendingar.
- Reglementet vil verne om brukarar og tryggje den pedagogiske læringssituasjonen.
- Reglementet skal bidra til å avgrense roller, rettar og plikter for elevar og kommunen.

### **2. Omfang**

- Bruk av kommunen sitt IKT-utstyr som vert disponert ved skulane.
- Bruk av privat IKT-utstyr i skulesamanheng og/eller via kommunen sitt nettverk.
- Bruk av programvare som kommunen har gjort tilgjengeleg.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon ved bruk av privat eller kommunalt IKT-utstyr.
- Elevar sin IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men åtferd som har tydeleg tilknyting til skulen kan likevel falle inn under skulen sitt ansvarsområde.

### **3. Eleven sine rettar**

- Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunne oppnå krava om IKT-kompetanse nemnt i Kunnskapsløftet.
- Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT-utstyr i undervisninga.
- Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i samband med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøver.
- Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglement gjeldande for skulen.
- Kommunen kan berre utlevere opplysningar om ein enkelt elev, eller data som tilhører ein elev, der dette kjem fram av inngått samtykkje, vedtekne reglement eller følgjer av anna lovgjevande føreskrifter.
- Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- Skulen vil slette alle personopplysningar om elevane som den ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje dersom skulen er lovpålagt å oppbevare opplysningane.

#### **4. Eleven sine plikter**

- Elevar pliktar å følgje skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT-utstyr
- Elevar på ungdomstrinnet pliktar å sette seg inn i den informasjonen som skulen gjev om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.
- IKT-utstyret som er plassert ved den enkelte skule skal handsamast fint.
- IKT-utstyr som vert brukt i skuletida skal berre nyttast til skulerelaterte oppgåver.
- I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobiltelefonar, bærbare datamaskiner og liknande, berre nyttast etter avtale med skulen.
- Chat, spel, privat e-post eller generell surfing skal berre skje etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalde tekst, bilete, lyd eller video som er av støytande art, eller som heng ut enkeltpersonar eller grupper.
- Digital mobbing skal ikkje førekome uavhengig om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal berre nyttast av den aktuelle eleven.
- Elevar kan ikkje installere eigen programvare på kommunen sitt IKT-utstyr.
- Installasjon av programvare på PC-ane som fører til at ivedkomande får tilgang til kommunen sitt nettverk skal ikkje førekome.
- Eleven pliktar å gjere så godt han/ho kan for ikkje å bringe virus eller anna øydeleggjande programvare inn i kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å bruke godt nettvit når han/ho nyttar kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å undersøkje og respektere opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som vert lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.
- Eleven må få samtykkje frå medelevar/føresette til å leggje ut bilete, lyd og video av dei.
- Elevar pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

#### **5. Inngrep og sanksjonar**

- Brot på IKT-reglane kan føre til sanksjonar frå skulen/kommunen.

- Skulen har eit ansvar for å gripe inn ovanfor elevar som mobbar eller trakasserer lærarar eller andre elevlar.
- Bruk av skulen sitt IKT-utstyr som er i strid mot norsk lov kan bli anmeldt.
- PC'ar som vert nytta under eksamen kan bli kontrollert før og etter gjennomførd eksamen for å avdekke forsøk på juks.
- Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av kommunen sitt IKT-utstyr kan bli utestengt frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorlege hendingar kan bli anmeldt.
- Elev som utøver skade på kommunen sitt IKT-utstyr kan bli halden erstatningsansvarleg.
- All datatrafikk ved den enkelte skule kan bli logga.
- Brot på IKT-reglementet kan også føre til sanksjonar forankra i skulen sitt generelle ordensreglement.

## **6. Ansvarsfråskriving**

- Kommunen er ikkje ansvarleg for tap av data eller skade på IKT-utstyr som skuldast tilhøve utanfor kommunen sin kontroll.

# **SVARLAPP TIL SKULEN**

Ver gild og returner denne svarlappen til skulen v/kontaktlærar snarast.

**Vi har lese gjennom Tranevågen ungdomsskule sitt ordensreglement og er klar over reglane og kva brot på desse medfører.**

Dato: ..... Eleven sitt namn og klasse: .....

.....  
Føresette si underskrift

.....  
Eleven si underskrift